

Referat Voss Idrottsråd måndag 14.03.16

Tilstades: Asle, Ingvill, Frode, Borghild,

- **Årsmøtet 21.04.2016**

(Blir kl. 18.00 i Idrettshuset ved Voss Idrettsplass)

Gjennomgang av saklista. Saklista er me samd i. Saklista kjem på heimesida. Me vart samde i at den nye lova for Idrottsrådet skal også leggjast på heimesida.

Kan Einar sende dokumentet med den nye lova til Ingvill?

Kan Bernt senda saklista til alle laga på e-post?

Annonse om årsmøtet i avisa. Asle ordnar annonse.

Me gjennomgjekk årsmeldinga og ho vart godkjent.

Gjennomgjekk rekneskapet. Frode justerer litt på budsjettet for 2016.

Gjennomgjekk lova for VIR som skal opp på årsmøtet.

LAM – midlar. Det er tid for justeringar for LAM – midlar til funksjonshemma uavhengig av alder. Er aldersgrensa 19 år også for denne gruppa?

Framtida til Edv. B. Hegboms minnefond. I 2016 fyller me på fondet frå VIR slik at me kjem over grensa på kr 100 000. Me tek opp att saka på eit møte der me er fleire om lagnaden vidare for minnefondet. *Me tek ut denne saka frå saklista til årsmøtet.*

- **HIK tinget 9.april – Kven deltek?**

- **Tilskot til trenarar/leiarar etter søknad.** Me justerer til kr 10 000 til symjegruppa (Voss IL) og O – gruppa (Voss IL) til kr 5000. Treng me ein ny runde med søknadsprosess? Det er svært få av laga som har respondert på dette. Me deler ut desse tilskota til laga som har søkt, på årsmøtet. Me må ta kontakt med dei aktuelle. *Inn på saklista til årsmøtet.*

- **Skytebanen og golvbelegget i idr.hallen.** Me er samde i notatet til Asle.

Notatet saman med brevet frå Voss skiskyttarlag og Voss Gymnas vert no sendt til Voss kommune v/ordføraren.

- **Notat om dagleg leiing av VIR.** Skal me redusera styret? Skal me setja ned eit arbeidsutval? Drøfta dette meir ved eit seinare møte.